

# Stord kyrkjelyd

## Årsrapport

### 2023



" Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

- visjon Stord kyrkjelyd

**2023 har vore eit år med kjekke gudstenester, oppstart av ungdomsklubb og skifte av sokneråd. I årsrapporten kan ein lesa meir om arbeidet i kyrkjelyden, forfatta av ulike aktørar. Her er ein oversikt over dei ulike årsmeldingane som inngår i årsrapporten:**

## Innhald

Kyrkjeleg statistikk - 2023 .....	2
Årsmelding 2023 – Soknerådet .....	3
Årsmelding 2023 - Soknepresten i Stord .....	4
Årsmelding 2023 - Kyrkjemusikk .....	5
Årsmelding 2023 - Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning .....	6
Årsmelding 2023 - Diakoni.....	8
Årsrekneskap 2023 .....	10

## Kyrkjeleg statistikk - 2023

STORD	2019	2020*	2021*	2022*	2023
Døypte	114	104	119	101	97
Konfirmerte	124	127	118	102	114
Vigslер	17	14	11	33	24
Gravferd	95	73	88	104	121
Gudstenester	77	93	119	91	85
Deltakarar	19 538	6 915	7 457	10 193	11 828
Takkoffer	512 226	201 285	197 925	274 284	272 246
Utmelding	45	33	51	49	43
Innmelding	4	6	4	7	14

\*) 2020-2022 har vore prega av korona-restriksjonar og er såleis ikkje heilt samanliknbar med andre år. Me hadde m.a. ekstra gudstenester i periodar for å få til det vi ønskte, t.d. konfirmasjonar, 4-årsgudstenester, dåpsgudstenester etc.

## Årsmelding 2023 – Soknerådet

I løpet av kyrkjeåret 2023 har det skjedd mykje kjekt i Stord sokn. Etter fleire år med koronarestriksjonar vart 2023 eit meir normalt år og vi gler oss over ein liten auke i deltakarar på gudstenestene. Soknerådet retter ein stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar som er med å leggje til rette for gode møter mellom menneske, Gud og kyrkja.

Soknerådet handsama 70 saker ila sine 8 møter. Rådet deltok og på Døgnet i januar og på fellessamling med Nysæter sokneråd og tilsette i april (introduksjon av verktøyet Kyrkja Vår). Frå sommaren av har også Runar Larsen arbeidd som spesialprest for ungdom og studentar i sokna på Stord. Det er ei spanande satsing som vi gler oss til å fortsetje å vere med å forma og heia fram.

I april arrangerte soknerådet «informasjonskveld» for Stord sokn som erstatta tidlegare årsmøteform. I tillegg til orientering om kva som skjer i soknet vart det sofaprat med sokneprest Jørgen Knudsen. I juni hadde vi igjen gleden av å invitere til pub-gudsteneste på Osvald Pub som del av «Folk i sentrum». 1.-3. september var det høg stemning på Brandøy leirstad då vi arrangerte kyrkjelydsleir for store og små. Nytt av året var og ein nystarta ungdomsklubb i Kyrkjestova Fredheim med diakonmedarbeidar Solveig Høyland i spissen. Startskuddet gjekk i oktober etter ei fredagsgudsteneste med mange konfirmantar, og ein god gjeng har vore med på samlingar fredagar ut av året. Vi håper det vert med fleire leiatar i dette arbeidet så det kan fortsette utover våren. Det har og vore kjekke samlingar med Søndagskaffi og Pizza og Quiz i kyrkjestova.

Soknerådet inngjekk sommaren 2023 ein ny 3,5-årig misjonsavtale med Normisjon om å støtte den evangelisk-lutherske kyrkja på Cuba som vårt misjonsprosjekt framover. Representantar frå kyrkja på Cuba vitja Bjørgvin (og Stord) i april ifm bispevigslinga, og vi har fått god informasjon frå Kjell Ove Hatlem som er kontaktperson i Bjørgvin og Normisjon. Representantar frå soknet vil og delta på ei gruppereise til Cuba i januar 2024 for å lære meir om dette arbeidet. Soknerådet har satt som mål å støtte prosjektet med kr 50 000,- årleg.

Hausten 2023 var det kyrkjeval og nytt sokneråd starta arbeidet 1.nov. Det nye rådet retter ein stor takk til dei medlemmene som no gjekk ut av rådet, for god innsats dei siste åra.

Me gler oss til å ta fatt på 2024 og vil fortsetje å arbeide for gode gudstenester og tilhøyrande fellesskap i året som kjem.

*Anders Dahl - soknerådsleiar*

Stord sokneråd (pr 31.12.2023)			
<b>Sokneprest</b>	Jørgen Knudsen	<b>1.vara</b>	Dag Kjetil Lægreid
<b>Leiar</b>	Anders Dahl	<b>2.vara</b>	Runar Isdahl
<b>Nestleiar</b>	Sigrid Beate Tveit Eskeland	<b>3.vara</b>	Åslaug Leiknes Nag
<b>Rådsmedlem</b>	Leif Steinar Alfsvåg	<b>4.vara</b>	Njål Rune Sortland
<b>Rådsmedlem</b>	Magne Andresen	<b>5.vara</b>	Gjertrud Husøy
<b>Rådsmedlem</b>	Kirsti Angvik Frugård		
<b>Rådsmedlem</b>	Knut Johannes Gram		
<b>Rådsmedlem</b>	Randi Agnete Nysæter		
<b>Rådsmedlem</b>	Dag Sele		

## **Årsmelding 2023 - Soknepresten i Stord**

Mykje spennande har skjedd siste året. Slik pleier årsrapportane mine ofte begynne. 2023 vart året då alt var nytt for meg mtp at det vart fyrste året som sokneprest i Stord kyrkjelyd.

Det har vært ein fin inngang i ei ny rolle i kyrkjelyden. Eg gler meg over møta med enkeltmenneska, den gudstenestefeirande forsamlinga, soknerådet og alle dei friviljuge medarbeidarane i soknet. Det er mange menneske som vil mykje.

Det synes som om atthenget etter koronapandemien byrjer å sleppe taket. Pulsen byrjer å komme tilbake, ein stigande statistikk når det gjeld deltaking i gudstenestelivet fortel om eit jamt og godt arbeid der vi trufast held ljoset tendt på altaret og bønene for folket i Stord stig opp til Gud.

Hausten baud på val av nytt sokneråd. Det er alltid spanande for ein sokneprest som er garantert plass i det nye rådet. Takk for innsatsen til dei som ved perioden sin slutt gjekk ut av rådet. Det er fint å sjå engasjementet til det nye rådet. No skal vi stake ut kurser vidare i fire nye år saman, der soknerådet skal og vil være meir enn presten sin medhjelpar og kakebakekomite. Eg gler meg!

Arbeidet i soknerådet ber preg av god struktur og fast hand på rattet. Vi jobber planmessig og målretta framover mot ein varm og open kyrkjelyd der stadig fleire skal kunne finne sin naturlege plass og folket som bur i soknet skal kjenne at til kyrkja kan ein komme når ein måtte ha trond for det.

Jørgen Knudsen

Sokneprest i Stord

## Årsmelding 2023 - Kyrkjemusikk

2023 har vore eit spennande og blomstrande år for kyrkjemusikken i Stord sokn.

I starten av året utvida me instrumentparken i kyrkja vår: me fekk eit trommesett i gave av Inge Dahl, og me kjøpte bassforsterkar. Poenget med å skaffa slikt utstyr var å sikra at det står dugande utstyr enkelt tilgjengeleg til bruk for ulike kyrkjemusikalske aktivitetar – det burde vera så enkelt at ein kan møta opp, plugga inn kabelen og setja i gong å spela. I 2023 har trommesettet einskild vore nytta i høve konfirmantband.

Det har vore eit ynskje å nytta forsongarar på meir eller mindre fast basis til gudstenester i Stord. Rekrutteringa til dette har vore ei utfordring då miljøet i Stord sokn er nokså stort. I den anledning vart det oppretta ei Facebook-gruppe til dette føremålet den 27. april. Gruppa heiter «Forsongarteneste i Stord kyrkje» og ligg som ei undergruppe til Facebook-sida til kyrkja «Kyrkja i Stord og Nysæter». Inntrykket er at gruppa har positivt innverknad, den er aktiv så å sei kvar veke, og gruppa fungerer godt når det gjeld å mobilisera frivillige til å delta som forsongarar. Salmar til komande gudstenester vert publisert i god tid, og det lettar rekrutteringsarbeidet betrakteleg. Forsongarar er generelt varmt velkomne til ei kvar gudsteneste, samt at det er eit ynskje frå kyrkjemusikar å ha dette. Det er difor viktig å visa inkludering og vilje til samarbeid med frivillige ved å halda liv i gruppa. Alle som kan tenkja seg å vera forsongar på fast eller tilfeldig basis er velkomne til å meldia seg inn i gruppa.

I løpet av sein vår-sommarsemesteret vart det bestemt, etter ynskje frå kyrkjemusikar i samråd med kyrkjelydspedagogane, om å forsøka å få til konfirmantband – ei konfirmantgruppe som speler i band. Dette vart vellukka. Sidan hausten 2023 har det vore fem konfirmantar i denne gruppa: ein trommeslagar, ein pianist og tre messingblåsarar, med tre konfirmantsamlingar under haustsemesteret. Eit av måla med arbeidet har vore å bruka bandet til å spela på minst éi gudsteneste i semesteret, der dei spelte til salmar på kveldsgudstenesta fredag 20. oktober kl. 19:00. Kyrkjemusikaren har leia bandet og bidrige på el.bass innimellom. Det er eit svært meiningsfylt arbeid, og det er ynskjeleg frå underteikna si side å forsetja med eit slikt arbeid med neste konfirmantkull (frå hausten 2024). Det er også ynskjeleg å oppretthalda kontakten med konfirmantane frå dette kullet og inkludera dei i musikalske oppgåver i gudstenestelivet i kyrkja. Mykje meir kunne vore sagt om erfaringa som er gjort rundt denne type arbeid.

Vidare er det vel ikkje å leggja skjal på at å styrka salmesongen i kyrkja har vore samtaleemne ei stund. Gudstenesteutvalet i Stord har i fleire år hatt ynskje om ei såkalla korgudsteneste der lokale kor deltek, blant anna for å styrka salmesongen. Denne gudstenesta fekk me til den 29. oktober, og den var svært vellukka, må ein kunne seia. Koret Ichtus, Sanctus og eit utval medlemmer frå Stordkoret var med. Me tek sikte på å ha ei slik gudsteneste komande år, også. Undertekna jobbar også kontinuerleg med å akkompagnera på ein slik måte at det inviterer til songlyst. Elles kan nemnast at kyrkjemusikaren og soknepresten har jamlege møter kor dei drøfter og velg salmar til gudstenestene som ein trur kan leggja opp til god salmesong; salmeutvalet kan vera ein av faktorane for å oppnå dette. Undertekna nyttar også anledninga elles til å litt diskret oppmoda kyrkjelyden til å – enkelt og greitt – syngja med!

For å gjera ei kort sammafatning av kyrkjemusikkåret 2023: frivillige i kyrkjelyden viser vilje og evne til samarbeid mot å delta i kyrkjemusikalsk praksis. Dette kan ein seie utgjer mesteparten til at kyrkjemusikken har blomstra slik den har gjort i 2023.

Noah Wibe, kyrkjemusikar

# Årsmelding 2023 - Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning

I Guds store hand – har me lært om Jesus og om den kristne trua vår, på kontinuerlege samlingar, enkeltsamlingar og under gudstenester. Som oftast syng me, tenner lys og høyrer om den treeinige Gud og om kor godt det er å vera eit barn i Guds rike.



## Tilsette i Trusopplæringa:

Ingvild har fungert som einingsleiar dette året, og jobba spesielt i Stord sokn det siste halvåret. Solveig har primært jobba med ungdom og hatt hovudansvar for konfirmantarbeidet. Solbjørg jobbar mest i Nysæter kyrkje, men har også konfirmantgrupper i Stord.

## Undervisningsutval

Felles for Stord og Nysæter. Frå Stord sokn var det i fyrste del av 2023, Dagfinn Koppang og Anders Grov Nilsen som var med. Frå Nysæter var det Katrine Valvatne Kvernenes og Oddbjørg Løkling. Rett før nyttår blei det oppnemnt nytt utval:

Frå Stord: Randi Nysæter og Åslaug Nag.

Frå Nysæter: Katrine V. Kvernenes, Wenche Midtun og Guro Betten

I 2023 hadde me 5 møter. Me har fått på plass leikekrokar og utvida dei i begge kyrkjene. Me har jobba med satsingar gjennom planstrategien i «kirka vår» og hatt spesielt fokus på ungdom- og konfirmantarbeid.



## Me har jobba heile året (kontinuerlege samlingar) med:

### Babysong og Pølsefest

Babysong, og Pølsefest for barnefamiliar er godt etablerte samlingar som har gått over fleire år no. Babysong på måndagar (ca. kvar 14. dag) og Pølsefest på onsdagar (ca. ei samling pr. mnd.) Samlinga inneheld songstund, bibelforteljing, pølsefest og leik med ulik hobbyaktivitetar.



Me har 29% oppslutning på babysong medan det er 133 barn som har vore innom pølsefesten i Stord i løpet av året. Må også få nemne at Babysongen har vore både på Knutsaåsen og på Sjukeheimen dette året. 70 barn berre på eine Pølsefesten i haust var også heftigt gøy!



### T 14 Konfirmasjon

Me hadde 2 flotte konfirmasjonshelger i mai, der 114 konfirmantar blei konfirmerte. 81% oppslutning. Me hadde ein kaotisk fasteaksjons-gudsteneste på våren og konkluderte etterpå at me må satsa meir på mindre grupper og få fleire folk med til hausten. Hausten starta med 141 nye konfirmantar. Det blei delt inn i fleire og mindre grupper og me fekk fleire leiarar med. Me hadde presentasjonsgudsteneste 3. september og lysmesse 3. desember. Det har vore ca. 1 samling pr. månad både på våren og på hausten for konfirmantgruppene.



## **Her & Der**

Her & Der har hatt samlingar ein måndag i månaden gjennom året. Dette er eit fellestiltak for Stord og Nysæter. Det har vore 8 samlingar i løpet av året. Blant aktivitetar kan nemnast skeisebanen, karneval, petanque, farmen og juleverkstad. Mykje aktivitet saman med gode frivillige. Fine samlingar med ein gjeng på 39 ungdommar innom totalt.

### **Enkeltsamlingar for hausten:**

Då me starta året med ein trusopplærar var det ingen enkelttiltak, våren-23.

### **T6 Førsteklasses**

Søndag før skulestart inviterte me komande fyrsteklassingar til ei felles familiegudsteneste i Stord kyrkje. Eit tiltak som ikkje har blitt gjort på denne måten før. Dei fekk utdelt: Bok – Ballong – Bilde. Kom ikkje mange då ein del framleis hadde ferie.

### **T10 Misjon og T4 4-årsbok**

Dette var eit tilbod for 10 – åringar med samling torsdagskveld den 14.september. 15 kom og fekk læra om misjonsprosjektet vårt på Cuba. På gudstenesta søndagen den 17.09 stilte 12 ti-åringar og delte ut barnebiblar til 4-åringane. Kva er vel meir misjon enn det! Gode tilbakemeldingar på eit «nytt», kjekt opplegg.



Familiegudstenesta med utdeling av barnebibel til fireåringane den 17.september, blei det delt ut 41 biblar fordelt på to gudstenester. Det utgjer 36% av fireåringane i soknet. På laurdagen var det undretur både i tårn og kyrkjerom. Ganske likt oppmøte som i fjar.

### **Lys våken**

Lys våken for 11-åringar med overnatting var ein suksess også i år. 27 11-åringar deltok. Nytt av året var at nokre konfirmantar var med som mini-leiarar. Dei gjorde ein glimrande jobb saman med supre frivillige.



Har også hatt samarbeid med skular og barnehagar

- Julevandring med barnehagane i frå heile kommunen.
- Skulegudstenester før jul for skulane i kommunen.



### **Oppsummering for 2023**

Året starta slik 2022 avslutta med for lite folk i stab. Ingvild var den einaste pedagogen i Trusopplæringa og måtte avlyse mykje. Heldige oss i DNK på Stord og i Nysæter, så blei 2023 avslutta med tre medarbeidrarar i fulle stillingar. Me ber om at 2024 gjer meir stabilitet og godt med folk, både faste og frivillige medarbeidrarar.

Ein stor takk til alle som har jobba for at barn og unge i kyrkja vår har fått god opplæring i den kristne trua. Saman ønskjer me ei kyrkje med rom for initiativ og mangfold av aktivitetar, og ei kyrkje der tilsette og frivillige trivst. Saman skal me halda visjonen «Livet i fokus – nær Gud – nær menneske» høgt.



*Ingvild Baugstø Almås – Kyrkjelydspedagog og leiar for Trusopplæringa*

## **Årsmelding 2023 - Diakoni**

Året 2023 har vore eit innhaldsrikt år for den diakonale tenesta i Nysæter og Stord sokn. Det skjer mykje diakoni til velsigning i mange tiltak, oppgåver og møteplassar i kyrkjelydane. I staben på kyrkjekontoret har det i 2023 skjedd forandringar, med 2 nye medarbeidarar. Dei, Solveig Høyland og Solbjørg Hope Angeltveit, har gått inn i stillingar med kombinasjon trusopplæring og diakoni.

Kyrkjekontoret har i 2023 flytta kontorlokale, frå Hamnegata til Sæ, meir sentralt i Leirvik sentrum.

**Diakoniutvalet** har representantar frå både Stord og Nysæter sokn. Utvalet i 2023, har fram til soknerådsvalet hausten 2023, bestått av: Ingebjørg Grønsdal og Marit Johnsen frå Nysæter sokn og Signe Wiersen Vorland og Kirsti Frugård frå Stord sokn.

Etter soknerådsvalet hausten 2023, har diakoniutvalet desse medlemmane: Signe Wiersen Vorland og Rune Isdahl frå Stord, Ingebjørg Grønsdal og Ida Elin Hatlevik Tvedt frå Nysæter.

Olaug Irene A. Gloppe har hatt 60 % stilling som soknediakon.

\*\*\*\*\*

### **Diakoniutvalet sine oppgåver i 2023:**

\*OPEN KYRKJE I STORD: Det var open kyrkje i Stord første torsdag i kvar månad. (Ikkje januar, juni, juli og august)

\*BLOMEHELSING: Nokon i utvalet har nokre gongar hatt heimebesøk med blomehelsing til etterlatte etter dødsfall.

\*GUDSTENESTE ASKEONSDAG 22.FEBRUAR: Diakoniutvalet deltok på kveldsgudsteneste askeonsdag. Oppgåvene var bønevandring, tenne lys under gudstenesta, kyrkjekaffi etter gudstenesta o.a.

\*DØVEGUDSTENESTE I NYSÆTER KYRKJE 23.APRIL. Diakoniutvalet deltok som kyrkjevertar og kyrkjekaffi etter gudstenesta.

\*DIAKONIENS DAG I NYSÆTER KYRKJE 10.SEPTEMBER. I år var diakonien dag ei kveldsgudsteneste. Soknediakon og diakonutvalet deltok med informasjon om det diakonale arbeidet, forbøn, preike, lystenning (konfirmantar tende lys under forbøna i lag med Solveig Høyland), kveldsmat etter gudstenesta. Tema for diakonien dag var: «Diakoni i kvardagen».

\*MINNEGUDSTENESTE ALLEHELGENSDAG 5.NOVEMBER: Diakoniutvalet deltok med lystenning, opplesing av navn på døde det siste året, kyrkjekaffe.



### **Soknediakonen sin teneste i 2023:**

\*BESØKSTENESTE/BLOMEHELSING/SJELESORG: Soknediakon har besøksteneste etter avtale i sorgarbeid og samtale/sjelesorg. Ho har mange besøk med blomehelsing til etterlatte etter dødsfall.

\*SORGARBEID: Soknediakon har i lag med frivillig, Marta Kristin Valvatne, hatt ei sorggruppe i 2023. Sorggruppa har hatt samlingar i Nysæter kyrkje.



\*NATTVERDSAMLINGAR PÅ STORD SJUKEHEIM: I samarbeid med aktivitør ved Stord sjukeheim, har soknediakonen nattverdsamlingar på sjukeheimen.

\*SOKNEBUD: Nokre soknebud, nattverd for enkelte, på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter.

\*ANDAKTAR PÅ INSTITUSJONAR: Soknediakonen har ansvar for og organiserer andaktene på institusjonane. Både prestar, frivillige og soknediakonen held andakt og spelar piano til allsongen.

\*DELTAKING PÅ GUDSTENESTER: Ved ulike gudstenester deltek soknediakonen med forbøn, ved nattverd, preiken på diakoniens dag, ulike oppgåver på minnegudstenesta.

\*OPEN KYRKJE: I lag med diakoniutvalet har soknediakonen ansvar for open kyrkje i Stord.

\*FAGDAGAR FOR DIAKONAR I BJØRGVIN BISPEDØME: Eit par gongar i året er det fagdagar for diakonar i Bergen. Soknediakonen har delteke på desse samlingane.

\*FELLESSAMLINGAR FOR STAB, RÅD OG UTVAL: Soknediakonen har delteke på samlingar for staben, sokneråd og ulike utval for Stord og Nysæter sokn.

\*KIRKENS NØDHJELP SIN FASTEAKSJON: 26.-28.mars var det fasteaksjon med konfirmantar. Soknediakonen deltok i lag med prestar, trusopplærarane og mange frivillige.

\*KONTORARBEID: Etter behov. Ulikt frå veke til veke. Nokre dagar med heimekontor.

\*\*\*\*\*

#### **DIAKONIEN SOM KYRKJA SIN «LIVSPUST»:**

Diakoni er kyrkja sin «livspust», både i ord og gjerning. Den er til stades for å byggje fellesskap, for å vise omsorg for menneske som lid, for å synleggjere rettferd, for å gi håp og trøst, for å lytte og gå nokre steg i lag med dei som treng det, for å vise Guds kjærleik til menneske slik dei er og har det. Alle er vi skapte og elskar av ein nådig Gud! Diakoni er «å våke i verdens natt»!

Når ein ser på alt som skjer etter avtalar og som er faste oppgåver i Nysæter og Stord sokn, er det mykje diakoni for mennesker i alle aldrar. Det er mykje kvardagsdiakoni der mennesker møtast. Saman er vi ei levande kyrkje, der omsorgen for kvarandre synleggjer Guds kjærleik for den enkelte. Diakonien er kyrkja sin «livspust». Då Jesus vaska disiplane sine føter skjærtorsdag, gav Han oss ein veg å gå i møte med kvarandre!

Guds velsigning over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn.

*Med helsing*

*Soknediakon Olaug Irene A. Gloppe.*

# Årsrekneskap 2023

Stord sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytinga kommunen gjer for kyrkja. Soknerådet har motteke endeleg årsrekneskap per 31.12.2023 den 22.februar 2024 og ventar på revisorfråsegn.

**Soknet ser om lag uendra takkoffer-inntekter frå 2022, og er framleis langt under nivået i 2019 (før koronapandemien). Økonomien i soknet gjekk i 2023 i pluss pga. mindre kostnadane enn budsjettet. Det manglar truleg registrering av nokre kostnadane i siste del av året som vil bli ført i 2024. Om lag halvparten av takkofferinntektene vart gjeve til eksterne føremål (inkludert misjonsprosjektet)**

Nokre fleire kommentarar om rekneskapstala for 2021:

- Inntektene frå takkoffer er på kr 272 246,-. Dette er om lag likt som i 2022, men mykje lågare enn nivået tilbake i 2019 (432 774,-).
- Soknet si faste givarteneste går til Kyrkjestova Fredheim. Det er totalt kome inn kr 233 700,- gjennom denne ordninga i 2023. I tillegg har det vore fleire takkoffer øyremerka Kyrkjestova, som har gitt 21 625,- i gåver. Takk til alle som gir!
- Resultatet for soknet sin økonomi i 2021 er eit overskot (mindreforbruk) på kr 65 105,-.
- **Stord sokn har ein eigenkapital på kr 518 336,- per utgangen av året.**

Tall i 1 kroner	Regulert budsjett		
	Regnskap 2023	2023	Regnskap 2022
<b>INNTEKTER</b>			
Brukertilbetalinger, salg, avgifter og leieinntekter	-233 700	-250 000	-257 600
Statlige tilskudd	0	0	-6 650
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-317 193	-385 000	-349 368
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-550 893</b>	<b>-635 000</b>	<b>-613 618</b>
<b>UTGIFTER</b>			
Kjøp av varer og tjenester	53 870	96 000	142 852
Tilskudd og gaver	454 399	544 000	522 619
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>508 269</b>	<b>640 000</b>	<b>665 471</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-42 624</b>	<b>5 000</b>	<b>51 853</b>
Renteinntekter og utbytte	-22 481	-5 000	-12 242
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>-22 481</b>	<b>-5 000</b>	<b>-12 242</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-65 105</b>	<b>0</b>	<b>39 611</b>
<b>INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER:</b>			
Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-1 589	0	-38 666
Bruk av bundne fond	0	0	-41 200
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-1 589</b>	<b>0</b>	<b>-79 866</b>
Avsatt til disposisjonsfond	1 589	0	38 666
<b>Sum avsetninger</b>	<b>1 589</b>	<b>0</b>	<b>38 666</b>
<b>Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd)</b>	<b>-65 105</b>	<b>0</b>	<b>-1 589</b>
<b>Regnskapsmessig merforbruk (underskudd)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Balanseregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2023	Regnskap 2022
<b>EIENDELER</b>		
Anleggsmidler	0	0
Omløpsmidler	<b>595 498</b>	<b>538 464</b>
Kortsiktige fordringer	5 549	2 857
Kasse, postgiro, bankinnskudd	589 950	535 608
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>595 498</b>	<b>538 464</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>	<b>-518 336</b>	<b>-453 231</b>
Disposisjonsfond	-453 231	-451 642
Regnskapsmessig mindreforbruk	-65 105	-1 589
<b>Gjeld</b>		
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>-77 162</b>	<b>-85 233</b>
Annen kortsiktig gjeld	-77 162	-85 233
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-595 498</b>	<b>-538 464</b>

	Budsjett 2023		Rekneskap pr 31.12.23		Rekneskap pr 31.12.22	
Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
<b>Total</b>	<b>640 000</b>	<b>640 000</b>	<b>573 374</b>	<b>508 269</b>	<b>625 860</b>	<b>665 471</b>
<b>Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring</b>	<b>28 000</b>	<b>28 000</b>	<b>11 449</b>	<b>13 986</b>	<b>28 544</b>	<b>26 390</b>
Takkoffer til Trusopplæringa	16 000		-	-	16 904	-
Takkoffer til diakoniarbeidet	12 000		11 449	-	11 640	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		28 000	-	13 986	-	26 390
<b>Takkoffer og givarteneste til andre</b>	<b>216 000</b>	<b>216 000</b>	<b>187 608</b>	<b>185 379</b>	<b>208 499</b>	<b>218 797</b>
Takkoffer til eksterne organisasjoner	96 000	96 000	85 978	84 662	100 265	100 137
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	60 000	60 000	44 697	44 724	51 884	51 635
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	60 000	60 000	56 933	55 993	56 350	55 525
<b>Kyrkjelydshus / Kyrkjestove</b>	<b>280 000</b>	<b>280 000</b>	<b>255 325</b>	<b>255 034</b>	<b>277 594</b>	<b>277 432</b>
Givertjeneste - Kyrkjestova	250 000	250 000	233 700	233 700	257 600	257 600
Takkoffer til kyrkjestova	30 000	30 000	21 625	21 334	19 994	19 832
<b>Kyrkjelydsarbeid</b>	<b>96 000</b>	<b>86 000</b>	<b>96 197</b>	<b>51 370</b>	<b>69 915</b>	<b>31 142</b>
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	70 000		47 190	-	35 287	-
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	15 000	10 000	26 526	-	22 386	-
Kveldssamling	6 000	10 000	-	-	-	-
Arrangement med billettinntekter			-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter		20 000	-	618	-	10 385
Diakonale tiltak (i regi av SR)		3 000	-	-	-	-
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		7 000	-	8 227	-	8 799
Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)		5 000	-	1 376	-	2 318
Innbu, utstyr, bøker		2 000	-	-	-	-
PC-utstyr, lyd-utstyr		-	-	8 571	-	-
Tilskot/stønad til lag og organisasjoner		10 000	-	-	-	11 500
Velferdstiltak, gåver o.l.		2 000	-	-	-	2 349
Kurs, Døgnet o.l.		10 000	-	26 981	-	-
Renteinntekter	5 000		22 481	-	12 242	-
Gebyr bank		7 000	-	5 597	-	7 291
<b>Kyrkjeblad</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>250</b>	<b>-</b>	<b>58 200</b>	<b>107 710</b>
Kyrkjeblad	-	-	250	-	58 200	107 710
<b>Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement</b>	<b>20 000</b>	<b>30 000</b>	<b>22 545</b>	<b>2 500</b>	<b>11 458</b>	<b>4 000</b>
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	20 000		22 545	-	11 458	-
Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor		30 000	-	2 500	-	4 000
<b>Prosjektmidler</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-28 350</b>	<b>-</b>
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	-35 000	-
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	6 650	-
<b>Resultat (overskot / underskot)</b>	<b>0</b>		<b>65 105</b>		<b>-39 611</b>	
Takkoffer totalt	325 000	206 000	272 246	161 989	274 284	175 494
<b>Disponeringar til balansen</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>65 105</b>	<b>41 200</b>	<b>1 589</b>
Underskot dekkja av midlar i ubunde fond	-			65 105		1 589
Overskot overført til ubunde fond	-		-	-	41 200	-
Bruk av øyremerka midlar (bunde fond)	-					-
Øyremerka midlar (bunde fond) til seinare bruk	-					-
<b>Resultat etter disponering (skal vere 0)</b>	<b>0</b>		<b>0</b>		<b>0</b>	